

Årsmelding og rekneskap 2000



**LUSTER
ENERGIVERK AS**

Generalforsamling

Generalforsamling for

Luster Energiverk A/S vert halde i Banksalen Gaupne torsdag den 26.04.01 kl.17.00.

SAKLISTE:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste.
2. Val av møteleiar, referent og to medlemar til å skrive under møteprotokoll.
3. Årsmelding for 2000.
4. Rekneskap, herunder disponering av overskot.
5. Godkjenning av honorar til revisor.
6. Val av styre i samsvar med vedtektene.
7. Val av valnemnd.
8. Orienteringssaker.

Sakstfang til generalforsamlinga vert utsendt til dei aksjeeigarane som ber om det, og vert elles utlagt på daglegvarebutikkane i kommunen og laget sitt kontor frå 18.04.01.

STYRET

Framsdebilde: Arbeid ved Dalsøyri. Foto: Stein Fossen.

Baksdebilde: Sage Kraftverk. Foto: Kjartan Kvien.

Årsmelding frå styret

STYRET

Styret hadde fylgjande samansetning i 2000: Steinar Molland (styreleiar), Per Hauge (nestleiar), Herman Bremer, Jens K Nes, Kristen Ormberg, Kjell Melheim.

Varamenn i rekkjefylgje har vore: Stein Næss, Jostein Melheim, Knut Bukve og Hallgeir Hatlevoll.

Kjell Melheim og Hallgeir Hatlevoll er valde av og mellom dei tilsette.

STYRESAKER

Det har vore halde 13 styremøte og 44 saker har vore handsama.

HELSE, MILJØ OG SIKKERHEIT (HMS)

- Selskapet er tilslutta Luster Felles Bedriftshelseteneste.
- Sjukefråvær i 2000 var på 3,0 %. Dette er ein auke på 1,0 % frå året før.
- Selskapet har eige AMU (arbeidsmiljøutval) med representantar frå arbeidstakarsida og arbeidsgjeversida.
- Det har vore halde kurs i driftsforskrifter for driftspersonale og for tilsette i installasjonsavdelinga.
- Fleire tilsette har delteke på ymse faglege kurs, datakurs, m.m.
- Det er utarbeidd Beredskapsplan for ulukker og unormale situasjonar i krig og fred.
- Det er eigen beredskapsplan for Sage Kraftverk i samband med vassdragsulukker.
- Drifta til selskapet fører ikkje til påviseleg forureining av det ytre miljøet.

ØKONOMI

Driftsresultatet for 2000 er på kr.4.161.809,- som er ein auke på kr. 470.217,- i høve til året før. Lægre finansinntekter og endring i reglar for skattemessige avskrivningar gjer at årsoverskotet er kr. 523.451,- mindre enn i 1999. Ser vi på dei ulike forretningsområda er det nettdrifta som gjev størst bidrag. Spesielt for året er den store omsetninga og overskotet på arbeid for andre. Dette skuldast stor aktivitet i året, og ein del oppdrag som vart oppstarta i -99 og avslutta og utfakturert i -00.

Distribusjonsnettet gav eit overskot på kr.2.325.000,- som er kr.42.000,- mindre enn i -99.

Kraftomsetning kr. 276.000,- (+ 77.000)

Kraftproduksjon kr. 966.000, (+80.000)

Installasjon kr. 173.000,-(+52.000)

Arbeid for andre kr. 422.000 (+324.000)

Økonomien i verksemda er god med ein eigenkapitalprosent på 81,9, som er om lag det same som året før. Likviditeten er dårlegare enn før på grunn av deltaking med aksjekapital i Sage Kraftverk AS, lån til Sognekraft og kjøp av egne aksjar.

Det etterfylgjande oppsett syner rekneskapen for distribusjonsnettet.

REKNESKAP NETT oo

Salsinntekter:	15.287
Attendeført mindreakv.	(280)
Attendeført renter	(33)
Andre driftsinntekter:	146
Mindreavkastning:	345
Sum driftsinntekter:	15.465

Nett-tap:	465
Overføring	1.834
Lønnskostnader:	4.274
Andre driftskostn.:	1.549
Andel felleskostnader:	2.628
Avskrivningar:	2.390
Sum driftskostnader:	13.140

Driftsresultat: 2.325

NVE har for 2000 fastsett tariffinntekt til kr. 13.631.000,- I tillegg kjem kostnaden til overordna nett, ENØK og attendeført mindreinntekt.

DRIFTSMIDLAR NETT

Eigne driftsmidlar:	34.470
Andel av felles driftsmidlar:	518
Sum:	34.988

SALDO MEIR-/MINDREINNTÆKT:

1993 Mindreavkastning	-291
1994 Meiravkastning	1.429
1995 Mindreavkastning	- 84
Saldo 31.12.95:	1.054
1996 Mindreavkastning :	- 68
Attendeført 1996	-380
Saldo 31.12.96	606
Mindreinntekt 1997	-481
Attendeført meirinntekt	-674
Saldo 31.12.97	-549
Attendeført mindreinntekt	52
Mindreinntekt 1998	-280
Korrigert for renter	17
Saldo 31.12.98	- 760
Attendeført i 1999	481
Mindreinntekt 1999	-760
Saldo 31.12.99	- 1039
Attendeført 2000	280
Mindreinntekt	-345
Saldo 31.12.00	-1104

Attendeført i tariffar for 2001

Mindreinntekt:	760
Renter 2001	40
Totalt attendeført:	800

EFFEKTIVITET I DISTRIBUTJONSNETTET

Overføring av elektrisk kraft er ei monopolverksemd. For å sjå til at krafttransporten vert gjort så effektiv (billeg) som mogeleg, er NVE sett til å føreta denne monopolkontrollen.

NVE har bestemt at det i perioden 1996-2001 skal leggast eit årleg effektiviseringskrav på 1,5 % på alle energiverk. I tillegg er vi pålagd eit tilleggskrav på 2 % ut frå vurderingar NVE har gjort med samanliknbare Everk. Frå 2002 skal det utarbeidast nye retningslinjer for inntektsråmene. Vi vil etter kvart merke desse krava, og dei kan bli vanskeleg å oppfylle utan at det går utover servicegrad og leveringstryggleik.

Når det gjeld nettleige, må det nemnast at denne er mykje avhengig av busetnadsmønster og topografi. Til tross for spreidd busetnad og svært lange linjer i vanskeleg terreng har vi heller låg nettleige.

KONKURRANSE FRÅ ANDRE LEVERANDØRAR

I den frie kraftmarknaden kan kundane kjøpe kraft der dei får den billegast. Mange leverandørar marknadsfører seg difor i periodar med låg kraftpris. Luster Energiverk og Luster kommune, som leverandør av konsesjonskraft, er opptekne av å tilby kundane kraft til rett pris. Difor valde vi å tilby fleire alternativ på kraftpris. Det førte til at over 95% valde fast pris over året.

SAMARBEID

Samarbeidet mellom energiverka i Aurland, Luster, Lærdal, Årdal og Sognekraft har vorte meir formalisert i år. Det er utarbeidd rapport om samarbeidsområde og innsparingspotensial.

Det er vorte nedsett faggrupper på kvart av områda for å få fram praktiske løysingar på samarbeidet. Prosjekta vert avslutta på våren 2001.

SAGE KRAFTVERK

Generalforsamlinga i Luster Energiverk AS vedtok i juni å oppgradere Sage Kraftverk. Grunna eigenkapitalbehovet valde genralforsamlinga å dele risikoen med Luster kommune. Sage Kraftverk AS vart skipa den 14.aug. 2000. Luster kommune og Luster Energiverk har 50% kvar av aksjekapitalen.

Kraftleveransen vart sikra for dei 10 fyrste åra gjennom ein finansiell kraftavtale med Enron Nordic Energy. Veidekke ASA har total entreprise på utbygging av kraftstasjonen.

PLANAR:

Arbeid for andre har vore eit satsingsområde for Luster Energiverk AS i fleire år. Det har også gjeve fine bidrag til selskapet slik at denne aktiviteten kjem til å bli ytterlegare styrka. Luster Energiverk AS har blant anna skrivt avtale med Hydro Energi om levering av materiell og tenester.

Ny 22 kV- linje / kabel mellom Luster og Gaupne er under bygging. Lengde ca. 12 km.

Arbeidet gjennom Råumsberget er vorte noko forseinka, men vil bli starta i løpet av våren 2001.

Grunna vanskelege bygge-og driftsforhold, vert det lagt jordkabel mellom Hotla i Gaupne og Krossen på Nes.

I samband med Statkraft, Hydro Energi, Telenor og Luster Kommune skal vi i løpet av 2001 etablere eit fibersamband frå Årøy til Fortun.

STRATEGI OG FRAMTIDSUTSIKTER

Luster Energiverk har i alle år satsa på god og framtidsretta fornying av linjenettet. Dette har gjeve resultat i form av færre og kortare avbrot.

Frå 2001 vil NVE innføre KILE (kvalitetsjusterte inntektsråmer ved ikkje levert energi).

Det medfører at kvar kundegruppe skal ha tilbakeført avbrotskostnadene ved straumutkopling.

Satsane for ikkje levert energi blir fastsett av NVE.

LE har arbeidd aktivt med organisasjonen for å kunne møte ein aktiv kraftmarknad. Vi arbeider for å få klarare skilje mellom den finansielle og den fysiske kraftmarknaden. Som leverandør bør LE kunne gje kundane fleire tilbod i ein kraftmarknad som er i stadig utvikling.

LE med sine linjenett og kundebase har gode forutsetningar for å kunne vere ein aktør i telemarknaden. Dei nye tilboda ynskjer også LE å vere ein aktør i.

Luster Energiverk AS vil samarbeide med Luster Kommune om utnytting av konsesjonskrafta til beste for kundane/innbyggjarane.

Vi vil framleis arbeide for ein god økonomi i selskapet som gjev rett pris til kundane og avkasting til eigarane.

For at vi skal vere ein del av lokalsamfunnet i framtida vil vi framleis arbeide for:

- Effektivisering av eigen organisasjon.
- Nytte nye teknologiske løysingar for meir effektiv drift.
- Vurdere alle former for samarbeid som fører til at vi vert meir konkurransedyktige.
- Ha ein organisasjonsstruktur og arbeidstilhøve som gjer at vi kan halde på dei tilsette.

DISPONERING AV OVERSKOT:

Styret gjer framlegg om at overskotet for 2000 på kr. 4.395.709,- vert disponert slik:

Utbytte kr. 300,- pr aksje	kr. 2.347.800,-
Tilføring disposisjonsfond	kr. 2.047.909,-
	kr. 4.395.709,-

Styret for Luster Energiverk AS, 04. april 2001

Steinar Molland
Steinar Molland
(styreleiar)

Herman Bremer *Per Hauge* *Jens K. Nes*
Herman Bremer Per Hauge Jens K. Nes

Kristen Ormberg *Kjell Melheim* *Svein Halveg*
Kristen Ormberg Kjell Melheim Svein Halveg
(everksjef)



Første dynamittsalva ved nye Sage Kraftverk AS. Foto: Stein Fossen

ÅRET 2000

Det fyrste året i eit nytt år tusen er til ende. Dei store tekniske problem som mange spådde, var det få som merka noko til, og vi hadde ein problemfri overgang til det nye året.

2000 har vore eit år med mange utfordringar. Mykje tid har gått med til utbygginga av nye Sage Kraftverk. Linjenettet skal vere ferdig utbygd til å ta i mot "Sagekrafta" hausten 2001.

Elles har styret og administrasjonen lagt ned mykje arbeid i å utgreie/planleggje korleis vi skal drive kraftomsetning i ein marknad med stadig fleire tilbod. Kraftprisen i år 2000 har vore låg. Gjennomsnittspotpris gjennom året har vore på 10,33 øre pr.kwh.

Vi har gjennom samarbeidet med Luster kommune, vore opptekne av å gje kundane våre prisar som over tid, er mellom dei rimelegaste i marknaden.

For å møte nye utfordringar for kraftomsetninga, har vi vurdert å inngå samarbeid med andre. Det vert arbeid med eit par alternativ, og vi reknar med ei avklaring i 2001.

Telenor prioriterte ikkje breibandsatsing i Luster kommune. Derfor har LE saman med andre lokale verksemdar, arbeidd aktivt for å få breiband til kommunen. Innan 2001 skal det vere etablert breibandsamband mellom Årøy - Fortun. LE skal stå for utbygginga og som eigar av sambandet.

I året som har gått, er det også føreteke organisasjonsmessige endringar for å styrkje satsingsområda og gjere oss betre i stand til langsiktig teknisk og økonomisk planlegging.

Eigarstrukturen i Sognekraft er endra ved at BKK har kjøpt seg opp, medan Balestrand, Leikanger og Sogndal har selt ut deler av sine eigarandeler. BKK er no den største eigaren i Sognekraft med 44,44%.

ORGANISERING OG DRIFT AV SELSKAPET I 2000

I. ORGANISASJON, ADMINISTRASJON, PERSONALE

1.1 SELSKAPSFORM:

Luster Energiverk AS vart skipa i 1915.

I 1983 fusjonerte selskapet med L/L Hafslø Kraftlag og L/L Jostedal Kraftlag.

Aksjekapitalen er på kr. 21.657.500, fordelt på 8.663 aksjer pålydande kr. 2.500,-.

1.2 MEDLEMSKAP I ANDRE ORGANISASJONAR:

Luster Energiverk AS er medlem av:

- Energiforsyningens Fellesorganisasjon.
- LVK / IDE.
- Norges Elektroentreprenørforbund.
- Sogn og Fjordane Elektroentreprenørforbund.
- Sogn og Fjordane Energilag.
- Kommunenes Sentralforbund.
- Luster Felles Bedriftshelseteneste.

1.3 REVISJON:

Revisjonen er utført av revisjonsselskapet Deloitte & Touche, avd. Sogndal.

1.4 ADMINISTRASJON:

Administrasjonsstad er Gaupne, i bygg leigd av ANS Luster Kraftlag.

1.5 PERSONALE:

Pr. 31/12-00 hadde selskapet 24 heiltidstilsette, 2 var tilsett i 60 % stilling og 1 i 70%. I tillegg hadde selskapet 3 lærlingar på kontrakt. 4 skuleelevar har vore tilsett i kortare periodar i sommarferien og dette utgjør omlag 0,3 årsverk.

2. EIGEDOMAR OG VEDLIKEHALD AV DESSE

2.1 KRAFTVERK:

2.1.1 SAGE KRAFTVERK

Bygd 1939. Generator 1800 kVA.

Stasjonstransformator 1800 kVA, 3,15/22 kV. Ny utbygging vart oppstarta i 2000, Sage Kraftverk AS.

2.1.2 VEDLIKEHALD SAGE:

Det har vore utført vanleg rutinemessig vedlikehald.

2.1.3 DØSEN KRAFTVERK:

Bygd 1915, ikkje i drift. Kraftverket kan nyttast i samband med omvisning o.l.

2.2 TRANSFORMATORSTASJONAR:

Døsen bygd 1939, modernisert 1986. Transformator 1450 kVA, spenning 21/5 kV. 3 utgåande 22 kV linjer. 1 utgåande 5 kV linje. Ny stasjon er bygd på Dalsøyri.

2.3 FORDELINGSNETT:

2.3.1 HØGSPENT FORDELINGSNETT:

22 kV: Linjer 212,52 km, jordkablar: 26,11 km.

5 kV: Linjer 1,2 km, jordkablar: 0,5 km.

2.3.2 VEDLIKEHALD OG NYANLEGG:

HØGSPENTLINJER:

Arbeidet med å byggje ny 22kV-linje mellom Luster og Sage kom i gang i 1999.

Prosjektering og bygging er utført i eigen regi.

Linja er bygd med BLX 3 x 150. Lengde 3,9 km

NYE NETTSTASJONAR OG HØGSPENT

JORDKABELANLEGG:

Ny nettstasjon 50 kVA og 980 m med høgspent hengkabel til Lie.

Ny nettstasjon 315 kVA Dalsøyri og 1980 m med høgspenkabel frå Døsen via Dalsøyri til Flikki er ferdigstilt i 2000.

LÅGSPENTANLEGG:

I samband med Høyheimsvik byggjefelt har det vorte utført ein del nytt på lågspentanlegg i 2000.

2.3.3 1000 V. ANLEGG:

1,94 km linje og 4 stk. transformatorar.

2.3.4 LÅGSPENTNETT:

264,00 km linjer og 74,28 km jordkabler.

2.3.5 FORDELINGSTRANSFORMATORAR:

230 stk. trafoar 21/0,24 kV.

2 stk. trafo 21/0,415 kV.

2 « « 5/0,23 kV.

4 « « 1/0,23 kV.

Dette er ein auke på 2 stk. 21/0,24 og reduksjon på 2 stk 1/0,23kV. Samla traføyting er 36.118 kVA.

2.4 FJERNSTYRING, SAMBANDSUTSTYR:

2.4.1 FJERNSTYRINGSANLEGG:

1 stk. Nortroll sentral ved kontoret i Gaupne.

1 stk. repeater med solcellelading på Molden.

4 stk. fjernstyrte effektbrytarar.

11 stk. fjernstyrte linjebrytarar.

2 stk. effektbrytarar på Ormbergstøl er fjernstyrte frå driftssentralen til Statkraft, Gaupne.

2.4.2 SAMBANDSUTSTYR:

3 stk. NMT 450 mobiltelefonar

10 stk GSM mobiltelefonar

10 « VHF radiostasjonar, 1 av desse er stasjonær, 5 er montert i bilar og 4 er berbare.

2.5 ANDRE EIGEDOMAR:

2.5.1 LAGER OG ADMINISTRASJONSBYGG:

Administrasjon og hovudlager er i leigd bygg i Gaupne.

På Heggmyrane er det lagerbygg for drifta.

På Røneidsgrandane er det plasthall på 180 m² for grovlager.

2.6 TRANSPORTUTSTYR:

Energiverket har fylgjande transportmiddel:

1 stk. kombinert lastebil u/ 7,5 tonn m/ kran, 1992 mod.

1 stk lastebil 13 tonn m/kran 1998 mod.

1 stk. pick-up 1989 modell

3 stk. kombibilar, 1991, 1994 og 1997 mod.

2 stk. snøscooter, 1986 og 1996 mod.

3. PRODUKSJON OG DRIFT.

3.1 HYDROLOGI/PRODUKSJON:

Magasina ved Sage Kraftverk var ved inngangen av året 5,06 mill. M3 eller 72,3%.

Produksjonen for året vart 13,062 GWh, dette er 0,03% mindre enn i 1999.

3.2 DRIFT AV SAGE KRAFTVERK:

Det har ikkje vore nemnande driftsforstyring eller driftsavbrot i løpet av året.

3.3 DRIFT AV FORDELINGSNETTET:

Det har vore 10 driftsforstyringar med utkobling i deler av høgspennetnettet som har vart i meir enn 2 timar.

I samband med arbeid har det vore 18 utkoblingar i deler av nettet med varigheit over 20 min.

4. KJØP OG SAL AV KRAFT.

4.1 MAKS EFFEKTUTTAK:

Maks effektuttak var 14,5 MW den 31.des. 2000.

4.2 KJØP OG PRODUKSJON AV KRAFT:

Totalforbruket av kraft (inkl. tap) i 2000 vart 70.684 MWh mot 72.958 MWh i 1999. Dette er ein reduksjon på 3,12%. 13.062 MWh var eigenproduksjon, 57.622 MWh kjøpte vi av Luster kommune.

Tariff	Antall Kundar	Kraftsal v/LEAS kWh	Kraftsal v/ andre kWh	Nettleige kWh	Nto oms. Eks.avg. Kr.
Husholdn	2872	41698282	85506	41783788	15219355
Næring	515	25033668	540954	25574622	9368179
Engros		166215		166215	29977
Overfø.					34086
Sum sal		66898165			
Sum tap		3786046			
Sum tot	3387	70684211	626460	67524625	24651597

4.3 SAL AV KRAFT 2000

Kostnad tap: 3.786.046 kWh x 0,123 kr/kWh = kr. 465.683

4.4 OVERFØRING:

For Statkraft overførde vi 258 MWh på vår 22 kV linje mellom Leirdøla og Jostedal Kraftverk.



Ras på linja til Styggevatn. Foto: Stein Fossen.

4.5 TARIFFAR:

Kundane fekk val mellom fast eller variabel kraftpris. Om lag 95 % valde fast kraftpris. Forbruksavgifta (som er inkl. i kraftpris) auka med 3,22 øre/kWh inkl. mva. til 10,53 øre/kWh. Nettleiga for husholdning (H4) auka frå 20,29 øre/kWh til 21,08 øre/kWh.

5.1 KUNDEFORHOLD, TILSYNSAKTIVITETAR, MÅLEAKTIVITETAR, ENØK

5.1 KUNDEFORHOLD

Pr. 31.12.00 var det tilknytt 3387 kundar. Dette er ein auke på 27 frå året før.

5.2 TILSYNSAKTIVITETAR

I 2000 har det vore kontrollert 112 bustad og næringsseigendomar og 26 gardsbruk. Tilsynet har ansvaret for ettersyn og kontroll av elektriske anlegg og har som overordna mål å betre elsikkerheita i LE sitt forsyningsområde. Utanom periodisk tilsyn med elektriske anlegg har informasjon til skular, lag og organisasjonar vore eit prioritert område i 2000. Andre viktige områder er tilsyn med elektroentreprenørar, omsetningsledd av elektrisk utstyr og helseinstitusjonar.

5.3 MÅLEAKTIVITETAR

Det vart til saman montert 95 nye målarar i løpet av året. Dette omfattar både nyanlegg og utskifting av eldre målarar.

Ved alle nye næringsbygg vert det no montert måleterminalar med kommunikasjon til stasjonær pc ved administrasjonsbygg. Det er og denne typen målesystem som vert nytta ved alle større anlegg. Den aukande aktiviteten i sluttbrukarmarknaden medfører fleire leverandørskifte og nye rutinar for utveksling av meldingar og måldata mellom leverandørane.



Aktivt arbeid med Enøk under Lustradagane. Foto H. Hatlevoll.

5.4 ENØK

Regionalt Enøk senter for Sogn og Fjordane kom i drift frå hausten 1995. Senteret er organisert gjennom Energiråd AS på Sandane. Det er Energiverka i fylket og Hydro Energi som eig selskapet. Luster Energiverk AS har 17 aksjar i selskapet. Dette utgjer 3,4 % av aksjekapitalen. Ved årsskifte var det 5 tilsette ved senteret.

Frå våren 1997 har Energiråd leigd lokale hjå Sognekraft i Sogndal og har 1 tilsett ved kontoret. Tenestene dei har utført for oss i 2000 er generell enøk informasjon til kundane.

Enøk tenestene vert finansiert gjennom nettleiga med eit påslag på 0,25 øre /kWh. Totalt har Enøk arbeidet i Luster kosta omlag kr. 177.000 i 2000.

6. INSTALLASJONSAVDELINGA OG BUTIKKDRIFTA:

6.1 INSTALLASJONSAVDELINGA:

Installasjonsavdelinga hadde ved årsskiftet 5 tilsette i 100% og 1 i 70% stilling, og 2 lærlingar. I tillegg vart eit årsverk frå kontoradministrasjon nytta ved installasjonsavdelinga.

Det var god tilgang på arbeid. Av dei større oppdraga kan nemnast: Brannalarm-anlegg ved Statkraft, Hafslø skule, og barnehagar i Gaupne og Hafslø. Dessutan har vi hatt mange oppdrag for Hydro Energi Sogn og Luster kommune, samt installasjon i bustadhus, hotell og campingplassar.

Det er rask utvikling i bransjen og vi må heile tida halde oss oppdaterte på tekniske nyvinningar, slik som tele/data/breiband og energistyring.

6.2 BUTIKKDRIFTA:

Butikkdrifta har ikkje hatt fast betjening. Kundeekspedering vart utført frå installasjonsavdelinga eller frå det faste kontorpersonalet.

6.3 OMSETNING OG RESULTAT:

Omsetninga ved installasjonsavd. og butikkdrift vart kr. 5.487.324,- (i 1999 kr. 5.827.793,-)

Resultatet etter at installasjonsavd. og butikk er belasta med husleige og fellesadministrasjon viser eit overskot på kr. 173.000,- (i 1999 kr. 121.000,-).

Resultatregneskap 2000

	NOTE	2000	1999
Brutto energisal eks mva		30.081.934	28.766.150
- El. avgift til staten		-5.430.337	- 3.861.715
Sal andre varer og tenester		7.370.078	6.399.448
Andre driftsinntekter		306.294	140.833
Attendeført mindreavkastning		-312.940	- 431.000
Meir/Mindreavkastning		345.000	760.000
Sum driftsinntekter		32.360.028	31.773.716

DRIFTSKOSTNADER

Kjøp av straum		8.860.826	8.594.720
Varekost andre selde varer og tenester		3.006.712	2.978.991
Løn, folketrygd, pensj. og andre pers.kostnader	2,10	9.351.232	9.050.878
Andre driftskostnader	9	4.160.466	4.681.883
Ordinære avskrivningar	1	2.813.721	2.753.507
Tap på krav/auka avsetjing for tap		5.263	22.145
Sum driftskostnader		28.198.219	28.082.124

DRIFTSRESULTAT

4.161.809

3.691.592

FINANSINNEKTER OG KOSTNADER

Renteinntekter		1.454.058	2.283.283
Aksjeutbytte frå andre		968.354	701.582
Rentekostnader		- 73.103	- 81.664
Netto finanskostnader		2.349.309	2.903.201

Resultat før skattekostnad

6.511.118

6.594.793

Skattekostnad

2.115.409

1.675.633

ÅRSRESULTAT

4.395.709

4.919.160

Disponering av årsoverskot

Avsett til utbytte		2.347.800	2.347.800
Avsett til annan eigenkapital		2.047.909	2.571.360
Sum disponert		4.395.709	4.919.160


Balanse pr. 31.12.2000


EIGEDLER	Note	2000	1999
Anleggsmidler			
Kraftstasj.damanl, linjer/tekn.utstyr	1	33.257.389	32.920.689
Inventar, utstyr og transportm.	1	1.968.218	2.130.818
Kartrettar og andre rettar	1	119.000	73.000
Aksjar	6	156.350	156.350
Aksjar i dotterselskap	6	11.005.500	0
Andel ANS Luster Kraftlag	7	2.600.052	2.435.758
Langsiktige fordringar	8	8.734.270	8.629.646
Sum anleggsmidler		57.840.779	46.346.261
Omløpsmidlar			
Varelager	5	1.416.000	1.579.195
Kundefordringar	5	9.221.254	6.959.358
Andre kortsiktige fordringar		335.674	284.256
Bankinnskot, kontantar o.l	12	4.997.551	15.729.428
Sum omløpsmidlar		15.970.479	24.552.236
SUM EIGEDLER		73.811.258	70.898.497
GJELD OG EIGENKAPITAL			
Eigenkapital			
Aksjekapital 8.663 aksjar a kr.2500,-	4,13	21.657.500	21.657.500
Behaldning egne aksjar	4	-2.092.500	-2.092.500
Overkursfond	3	2.979.988	2.979.988
Annan eigenkapital	3	37.906.342	35.858.432
Netto eigenkapital		60.451.330	58.403.420
Langsiktig lånegjeld		328.407	410.513
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		3.748.346	2.150.063
Betalbar skatt	11	2.037.171	1.671.968
Skuldig offentlege avgifter		3.061.069	2.772.544
Avsett til utbytte	8	2.347.800	2.347.800
Anna kortsiktig gjeld	8	1.837.135	3.142.189
Sum kortsiktig gjeld		13.031.521	12.084.564
Sum gjeld		13.359.928	12.495.077
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL		73.811.258	70.898.497



Steinar Molland, styreleiar


Per Hauge, nestleiar


Svein Halveg, everksjef


Kjell Melheim


Herman Bremer


Kristen Ormberg


Jens K. Nes

Notar til rekneskapan

1. Avskrivingsplan anleggsmidler (beløp i 1000 kr.)

	Transport midlar	Kontor utstyr	EDB utstyr	Telefon	Driftsutstyr	Lagerbygg tomtar	Målar	Kraftstasj. Damanlegg Linjer og tekn. utstyr
Kostpris 01.01.00	1693	1377	1902	113	591	220	885	26409
Tilgang i året	30		350		46		123	2484
Oppskrivning								23771
Samla ord avsk. 31.12.	1294	1120	1730	103	547	1	223	19631
Bokført verdi 31/12.	429	257	522	10	90	219	785	33033
Årets ord.avskrivningar	126	24	414	19	21	0	68	2141
% satsar ord.avskr.	20%	20%	20%	20%	20%		5%	2,5 - 20%

2. TILSETTE, GODTJERDSLE M.M

Lønnskostnader inneheld følgjande postar:

	2000	1999
Lønningar	7.341.904	7.272.883
Refusjon av sjukeløn etc.	- 92.865	- 208.962
Folketrygdavgift	846.207	852.899
Pensjonskostnader	587.421	591.232
Andre lønnskostnader	668.564	542.826
Sum Lønnskostnader	9.351.231	9.050.878

Gjennomsnittleg antal årsverk 29 29

Godtgjerdse

	Everksjef	Styret
Lønn	385.044	178.899
Kollektiv pensjonspremie	29.537	
Anna godtgjersle	53.400	

Årets netto pensjonskostnad

	2000	1999
Utbetalt pensjon	11.093	11.409
Årets pensjonspremie	587.421	591.232
Netto pensjonskostnad	598.514	602.641

Andre pensjonar er dekkja gjennom KLP.

Pensjonspremiefondet er balanseført med 2000 30.120 1999 21.782

Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar for 2000 utgjer kr. 64.300,- . I tillegg for andre tenester kr 68.750,-.

3 EIGENKAPITAL

	Aksjekapital	Egne aksjar	Overkursf.	Anna eigenk.	Sum
Eigenkapital 31.12.99	21.657.500	- 2.092.500	2.979.988	35.607.332	58.152.320
Korr.utbytt egne aksjar				251.100	251.100
Årsoverskot 2000				4.395.709	4.395.709
Forslag til utbytte				- 2.347.800	2.347.800
Eigenkapital 31.12.00	21.657.500	- 2.092.500	2.979.988	37.906.342	60.451.329

4. AKSJONÆRTILHØVE

Aksjekapitalen til selskapet er på kr. 21.657.500,-.

Det er 968 aksjeeigarar i selskapet. Dei største aksjonærane er

Luster kommune	13,4 %
Luster Sparebank	5,0 %
Luster almenning	2,3 %
Gjensidige	2,1 %

På generalforsamlinga den 07.06.99 fekk styret fullmakt til å kjøpa inntil 10 % av aksjekapitalen.

Det er kjøpt 837 aksjar for kr 8.610.036,-, og ingen aksjar er avhenda.

5. VURDERINGSPRINSIPP OMLØPSMIDLAR

Uteståande krav er oppførde til bokført verdi.

Beholdning salsvarer er sett til forsiktig vurdert verdi av kostpris.

6. AKSJAR

Antall aksjar	Selskap	Påly- ande	Bokført verdi
610	AS Sognekraft	20000	122.000,-
100	Fjellv. Årdal - Luster	100	0,-
17	Energiråd	1000	17000,-
1	NEFO	1000	1350,-
100 B	Sogn Skisenter	100	10000,-
1	REN AS	1000	1000,-
10	Sogn Golf	500	5000,-
Sum			156.350,-

6 Aksjar i dotterselskap

11	Sage Kraftverk AS	1.000.000	11.005.500
----	-------------------	-----------	------------

Sage Kraftverk AS

er under oppbygging, og det har ikkje vore drift i året. Det er ikkje større bokførde mellomrekningar mellom selskapa.

Eigenkapitalen i selskapet er 22.000.000,-.

7. ANDEL ANS LUSTER KRAFTLAG

L.E. A/S har 88.392 %andel i ANS Luster Kraftlag

Resultatrekneskap 31.12.00

	2000	1999
Andel leigeinntekter	842.342	813.181
Andel driftskostnader	-115.305	- 233.202
Individuell avskrivning	-372.130	- 368.131
Andel driftsresultat	354.907	211.848
Andel renteinntekter	9.185	13.202
Andel rentekostnader	226.459	270.433
Andel over/underskot	137.633	-45.383
	137.633	-45.383

BALANSE PR.31.12.00

Andel omløpsmidlar	294.142	703.724
Andel bygg	1) 5.118.781	5.431.463
Andel uteanlegg	1) 189.551	187.498
Andel eigendelar	5.602.475	6.322.685
Andel gjeld	3.002.423	3.886.927
Andel ANS Luster Kraftlag	2.600.052	2.435.758

Notar til ANS Luster Kraftlag

BYGG	2000	1999
Anskaffelseskost 01.01.	9.302.514	9.201.797
Anskaffelseskost 31.12.	9.302.514	9.201.797
Samla av og nedskr. 31.12.	4.183.734	3.770.334
Bokført verdi 31.12.	5.118.780	5.431.463
Årets ordinære avskrivning	372.130	368.131
% sats ord.avskrivningar	4%	4%

UTEANLEGG

Anskaffelseskost 01.01.	189.551	187.498
Anskaffelseskost 31.12.	189.551	187.468
Samla av og nedskr. 31.12.	0	0
Bokført verdi 31.12.	189.551	187.498
Årets ordinære avskrivning	0	0
% sats ord.avskrivningar	0%	0%

8. SPESIFIKASJON AV ANDRE FORDRINGAR OG GJELD

Med atterhald om godkjenning av generalforsamlinga er det avsett ordinært utbytte for 2000 med kr.300,- pr aksje tilsaman kr.2.347.800,-.

Summar som er inkludert i "Anna kortsiktig gjeld":

Påløpne kostnader	kr. 135.002,-
Skuldig forbruksavgift	kr. 1.698.763,-
Anna kortsiktig gjeld	kr. 3.370,-

Spesifikasjon av langsiktige fordringar.

Lån Sognekraft	kr. 6.450.000,-
Pengemarknadsfond	kr. 2.214.083,-
Eigenkapitaltilskot KLP	kr. 66.707,-
Andre langsiktige fordringar	kr. 3.480,-

9. LAGER OG ADMINISTRASJONSBYGG

Luster Energiverk A/S leiger lokale hjå ANS Luster Kraftlag. Leigeavtalen gjeld i 15 år rekna frå aug. 1989. Leiga i 2000 var kr 739.315,-

10. AKTIVERTE EIGNE INVESTERINGSARBEID

I denne posten er eige aktivert investeringsarbeid fråtrekt med kr. 850.025,00

11. SKATTEKOSTNAD

Resultat før skattekostnad 6.511.118

Permanente forskjellar:	
ANS Luster Kraftlag	359.982
Utbytte-	-968.354
Gåver	18.101

Endring i midlertidige forskjellar:

Driftsmidlar	1.363.100
Pensjonspremiefond	-8.338
Årets skattegrunnlag	7.275.609

Berekena betalbar skatt overskot	2.037.171
Naturressursskatt	-
Skatt på grunnrente	-
Sum skatt	2.037.171

Midlertidige forskjellar knytta til:

31.12.00	31.12.99
-----------------	-----------------

Negative forskjellar:

Driftsmiddel	4.451.800	3.088.700
	4.451.800	3.088.700

Positive forskjellar:

Pensjonspremiefond	30.120	21.782
	30.120	21.782
Grunnlag utsett skatt	-4.421.680	-3.066.918

Utsett skattefordel	-1.238.070	-830.834
----------------------------	-------------------	-----------------

I samsvar med førebels norsk rekneskapsstandard for behandling av skatt er midlertidige negative og positive forskjellar som reverserer eller kan reversere i samme periode utlikna. Utsett skatt er ikkje oppført i balansen.

Skattekostnad i resultatrekneskapet består av:

Forskjell ilikna og avsett skatt	78.238	- 3.665
Endring utsett skatt	-	-
Naturressursskatt	-	-
Skatt på grunnrente	-	-
Berekena betalbar skatt	2.037.171	1.671.968
Skattekostnad	2.115.409	1.675.633

12. SPERRA MIDLAR

Av innestående midlar i kasse, bank, postgiro er kr. 330.000,- sperra til betaling av skattetrekk.

13. INNGANGSVERDI/RISK-BELØP

Inngangsverdien	1/1-1992	kr. 1.130,00	pr. aksje.
Risk-beløp	1/1-1993	kr. 0,43	« «
Risk-beløp	1/1-1994	kr. -11,06	« «
Risk-beløp	1/1-1995	kr. 20,89	« «
Risk-beløp	1/1-1996	kr. 66,19	« «
Risk-beløp	1/1-1997	kr. 61,78	« «
Risk-beløp	1/1-1998	kr. 382,50	« «
Risk-beløp	1/1-1999	kr. 1.412,27	« «
Risk-beløp	1/1-2000	kr. 285,89	« «

KONTANTSTRAMANALYSE

2000	1999
-------------	-------------

Kontantstraumar frå drift

Ordinært resultat før skattekostn.	6.511	6.595
Betalt skatt i perioden	- 2.115	-1.675
Ordinære avskrivningar	2.813	2.754
Endring i varelager	163	51
Endring i kundar	- 2.262	- 3.124
Endring i leverandørgjeld	1.598	1.497
Endring i andre omløpsmidlar og andre gjeldspostar	-702	1.525
Netto kontantstraumar frå drift	6.006	7.623

Kontantstraumar frå investeringar

Investert i aksjar	-11005	- 5
Investert i egne aksjar		- 8.610
1investert i ANS Luster Kraftlag	- 165	-666
Investert i langsiktig fordring	- 105	-2.180
Utbetalningar ved kjøp av varige driftsmidlar	- 3.033	- 3.533
Netto kontantstraum frå investeringsaktiviteter	-14.308	-14.994

Kontantstraum frå finansaktivitetar

Netto endring i langsiktig gjeld	- 82	- 83
Utbytte	- 2.348	- 2.599
Netto kontantstraum frå finansaktivitetar	- 2.430	- 2.682

Netto endring i bankinnskot, kontantar og liknande	- 10.732	-10.053
Beholdning av bankinnskot, kontantar og liknande 01.01.	15.729	25.782
Beholdning av bankinnskot, kontantar og liknande 31.12	4.997	15.729



Montasje av ny effektbrytarkiosk Dalsøyri. Foto: Stein Fossen.

VERDIREKNSKAP	2000
Driftsinntekter	32.360.028
- forbruk av innkjøpte varer og tjenester	16.033.267
=Verdiskaping i eiga verksemd br.	16.326.761
- kapitalslit (ord. avskrivningar)	2.813.721
=Verdiskaping i eiga verksemd net.	13.513.040
+ Finansinntekter	2.422.412
= Verdiar til fordeling i alt	15.935.452

Som er fordelt slik:

Tilsette:	
Brutto løn og sosiale ytingar	9.351.232

Kapitalinnskytarar:	
Renter til kredittytarar	73.103
Utbytte til aksjonærar	2.347.800

Stat, kommune:	
Skattar og avgifter	2.115.409

Verksemda:

Halde attende for sikring og ny verdiskaping	2.047.909
--	-----------

Verdiar fordelt i alt	15.935.452
------------------------------	-------------------

NØKKELTALL	2000	1999
Omsetning:		
Driftsinntekter	32.360.028	31.773.716
Resultat:		
Driftsresultat	4.161.809	3.691.592
Netto driftsmargin	13%	12 %
Resultat før ekstraord	6.511.118	6.594.793
Rentabilitet:		
Totalrentabilitet	9,1%	9,1%
Eigenkapitalrentabilitet	11,0%	10,8 %

Investeringer:		
Årets investeringer	3.033.817	3.531.000

Soliditet/kapitaltilhøve pr 31.12		
Egenkapitalandel	81,9%	82,0%
Likviditetsgrad 1	1,2	2,0
Rentedekningsgrad	90,1	81,8

Personale:		
Talet på fast tilsette	26	26
Lærlingar	3	3

Aksjar:		
Talet på aksjar	8.663	8.663
Aksjekapital	21.657.500	21.657.500
Forteneste pr. aksje	507,41	567,84



Arbeid for ABB på Svartdalsvatnet. Foto: H. A. Skagen

Deloitte & Touche
Statustorshavn Revysenter AS
Føroyeveit 13
Postboks 200
N-0852 Sogndal

Telefon: 57 67 90 30
Telefax: 57 67 90 31
www.deloitte.no

**Deloitte
& Touche**

Til generalforsamlinga i

LUSTER ENERGIVERK AS

REVISJONSMELDING FOR 2000

Vi har revidert årsrekneskapen for LUSTER ENERGIVERK AS for rekneskapsåret 2000 som syner eit årsoverskot på kr 4.395.709,- for selskapet. Vi har også revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegg til bruk av overskotet. Årsrekneskapen er samansett av resultatrekneskap, balanse og opplysningar i notar. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagde fram av styret og dagleg leiar for selskapet. Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.

Vi har utført revisjonen i samsvar med revisorlova og god revisjonsskikk i Noreg. God revisjonsskikk krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og av vesentlege rekneskapsestimater, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjon også ein gjennomgang av forvaltninga av formua og rekneskaps- og intern kontroll-systema i selskapet. Vi meiner at revisjonen vår gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Vi meiner at

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit uttrykk for selskapet si økonomiske stilling 31. desember 2000 og for resultatet og kontantstraumane i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapskikk i Noreg
- leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med god rekneskapskikk
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og om forslaget til bruk av overskot er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Sogndal 4. april 2001
Deloitte & Touche AS

Knut Midtun
statustorshavn autorisert revisor

**Deloitte
Touche
Ihmatsu**

Bergen Pire Pele Husetend Helsestøttelastansaral Løvsaget Lyngdal Galle
Sogndal Stavanger Steinkjer Trondheim Tvedestrand Ørsta
Revisjonsnett av Deloitte Touche Ihmatsu
Ogner: 980 211 262

